



Grung Arkitektur AS  
Fantoftvegen 14P  
5072 BERGEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 18/2928 - 19/171

Saksbehandlar:  
Katrine Bjordal Midttun  
katrine.bjordal.midttun@radoy.kommune.no

Dato:  
07.01.2019

## Byggesak Gbnr 27/108 Kvalheim øvre - fritidsbustad- førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon

Radøy kommune stadfestar å ha motteke dykkar søknad om løyve i eitt – trinn – oppføring av fritidsbustad den 21.12.2018.

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta ( SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden blir supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Etter gjeldande reguleringsplan, Nordre Kvalheimsneset fritidsbustader, går det frem i pkt. 2.1.2 at: *«I forbindelse med søknad om hytte, fellesthus etc. skal det innsendes situasjonsplan som viser byggets form, størrelse og nøyaktige plasseringer på de respektive tomter gjelder også nøyaktig høydeplassing. Avkjørsler, parkeringsplasser, terrengbehandling skal også vises».*

Vedlagt situasjonsplan visar ikkje avkjørsel eller parkeringsplass. Kommunen ber om at oppdatert situasjonsplan blir sendt kommunen.

Videre må det sendast inn situasjonsplan som viser plassering av utvendig VA-nett.

2. Det er opplyst i søknaden at hytten skal ha trekledning.

Videre følgjer det at samtykket til plassering, vedlegg Q-1, at;

X

----- Jeg gir herved samtykke til overnevnte tiltak, under forutsetning av at omsøkte/meldte tiltak tilfredsstillende de gjeldende branntekniske krav etter plan og bygningsloven med tilhørende forskrifter, slik at min eiendom kan utnyttes som om avstandskravet i plan- og bygningsloven § 29-4 var etterfulgt.

----- Jeg gir herved samtykke til overnevnte tiltak, vitende om at jeg ved gjennomføring av eventuelle tiltak på min eiendom blir ansvarlig for å ivareta de til enhver gjeldende avstandskrav og / eller branntekniske krav i plan og bygningslovgivningen med tilhørende forskrifter.

For at naboeiendommen skal kunne utnyttes som om avstandskravet i pbl. § 29-4 var etterfulgt er det strengere branntekniske krav.

Kommunen kan ikke sjå at branntekniske krav som samtykket sett vilkår om er oppfylt slik søknaden ligg føre. Det må sendast inn utfyllande dokumentasjon på dette.

3. Erklæring om ansvarsrett:

Ansvarsrett skal erklærest for alle ansvarsområde i tiltaket. Opplysningar om ansvarsrett skal følgje av søknaden, jf. SAK 10 § 12-2. Kommunen er usikker på om utvendig rørarbeid er dekket av ansvarsrettane. Ber om ei stadfesting av at ansvarsområdet er belagt med ansvar.

Ber om ei stadfesting av at PRO trekonstruksjoner og betongarbeider (konstruksjonssikkerhet) er omfatta av PRO arkitektur.

Det vert opplyst i søknad at det er rørleggjar som skal senda inn søknad om tilkopling til vatn og avlaup. Kommunen kan ikke sjå at dette er søkt om. Søknaden er ikke komplett og kan handsamast før tilkoplingsløyve vert gitt.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 08.02.2019. Dersom dokumentasjonen ikke er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

**Sakshandsamingsfrist:**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan og bygningslova § 21-7, jf. SAK 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert å rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

**Gebyr:**

Gebyr vert å rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama .

Med helsing

Katrine Bjordal Midttun  
jurist byggesak

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Grung Arkitektur AS

Fantoftvegen 14P

5072

BERGEN